

Oppdragsgjevar: Vestland fylkeskommune
Oppdragsnamn: Reguleringsplan Mo vgs
Oppdragsnummer: 634112-01
Utarbeida av: Hilde Ruud
Oppdragsleiar: Hilde Ruud
Dato: 22.10.2021

Vurdering av krav om konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiing (KU) er ei samfunnsøkonomisk analyse. «Forskrift om konsekvensutgreiing for planer etter plan- og bygningsloven» fastset krav til kva planar som skal utgreiast.

Etter KU- forskrifta § 4 skal forslagsstillar vurdere om planen vert omfatta av KU- forskrifta § 6, § 7 eller § 8.

Forslagsstillar har konkludert med at planen ikkje vert omfatta av § 6, då den ikkje inneheld tiltak i vedlegg I. § 7 omhandlar planar etter anna regelverk enn plan og bygningslova. § 8 gjeld for planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Tiltaket gjeld regulering av del av Mo vidaregåande skule. Store delar av skulen sitt område er i dag avsett til LNF-formål i kommuneplanen. Reguleringsplanen skal leggje til rette for nybygg knytt til skule- og gardsdrifta. Dei mest aktuelle temaene i vedlegg II er nr. 1. Jordbruk, skogbruk og akvakultur, punkt a) 'prosjekter for omstrukturering av jordbrukseiendommer' og punkt b), mellom anna 'prosjekter for bruk av uoppdyrkede landområder eller delvis naturlige områder til intensivt landbruk, herunder nydyrking på meir enn 50 dekar.'

Med omstrukturering forstår vi det slik at det gjeld tiltak som beslaglegg areala varig slik at desse ikkje kan takast i bruk til landbruksproduksjon igjen. Dei områda som blir beslaglagt i planen vert omregulert til byggeområde (ved skuletunet) og areal for andre typar bygningar og anlegg (anleggsaktivitet/øvingsområde nord for E39).

Nord for E39 vil planen legge til rette for anleggsaktivitet/øvingsområde knytt til skuledrifta. I kommuneplanen ligg området som LNF, men faktisk bruk er anleggsverksemd /øvingsområde. Faktisk bruk er i samsvar med godkjent dispensasjonssøknad. Området er i dag om lag 35 dekar, det blir lagt opp til noko utviding

av denne aktiviteten. Det er vurdert slik at faktisk utviding ikkje får eit omfang som er så stort at det vil få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Etablering av nye bygningar på området er heller ikkje vurdert å få eit omfang som vil få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Dette både på grunn av storleiken, korleis ein tilpassar nybygg tett på eksisterande skuletun og elles landskapsverknadar.

Eventuell nydyrking vil vera minder enn 50 dekar. Tiltak vil difor ikkje falle inn under punktet b) som krev konsekvensutgreiing.

Generelt skal utgreiingstema og utgreiingsomfang spegle dei vesentlege problemstillingane som blir reist i planarbeidet med vekt på beslutningsrelevante forhold. Utgreiingane skal vera eigna til å gje både mynde og ålmenta eit dekkande bilete av konsekvensar og gje eit tilstrekkeleg grunnlag for å uttale seg til planforslaget.

Forslagsstillar vurderer ut i frå dette at planen ikkje omfattar tiltak som gjer at planarbeidet fell inn under det saklege verkeområdet for KU- forskrifta, og at planarbeidet difor ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, men at det er tilstrekkeleg med ei grundig vurdering av miljø og samfunn som ein del av planomtala.

Sunnfjord kommune har også konkludert med at planforslaget ikkje skal handsamast etter forskrift om konsekvensutgreiing, jfr. plan- og bygningslova § 4-1.

Plangrense

Skisse til plangrense detaljreguleringsplan:



Plangrense for varsling av oppstart av planarbeid:

